



Marianne.Presthus.Heggen@hvl.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2379 - 18/21279

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

05.10.2018

Intensjonsbrev

Vi stadfestar med dette at Meland kommune ynskjer å ta del i innovasjonsprosjektet "BeGrip", eit prosjekt retta mot Forskningsrådet sitt FINNUT-program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren.

Meland kommune har forankra berekraftig utvikling som eit overordna mål i kommuneplanen 2010-2025. Som ei av kommunane i Noreg med høgast del barn og unge under 18 år, er det eit stort og viktig ansvar å arbeide for eit berekraftig samfunn. Dette gjeld særskild arbeid i barnehage og skule som skal gje born og unge grunnmuren for eit godt liv. Kommuneplanen sine overordna mål er vidareført i Meland kommune sin kvalitetsplan for barnehagane. Måla i barnehageplanen er å sikra barnehagane som lærande organisasjon og å arbeide og stimulere til framtidsretta, fornyande og profesjonelle miljø. Eit av dei sentrale innhaldsmåla er arbeid med berekraftig utvikling i barnehagen. Vi ynskjer derfor å delta i innovasjonsprosjektet BeGrip,

Meland kommune er realfagskommune og har gjennom dette arbeidet hatt fokus på berekraft og innovasjon i realfag. Vi har slik utvikla formell kunnskap og delt praksiskunnskap i og mellom barnehage og skule.

Blåklokka barnehage i Meland sitt arbeid med bærekraftig utvikling vant OMEP WORLD si internasjonale pris for utdanning for berekraft i barnehagen. Gjennom realfagsprosjektet og sistnemnte prosjekt har kommunen som eigar og mynde erfart at barnehagane har potensiale til å forske på seg sjølve, og utvikle seg som lærande organisasjonar. Kvalitet i barnehagen handlar om korleis barnehagen arbeider som utdannings og danningsarena.

Erfaringsspreiing vil bli tatt med inn i nye Alver kommune og vil være fruktbart for kommunen som barnehageeigar. Dersom prosjektet vert finansiert, aksepterer Meland kommune å bli prosjektansvarleg i «BeGrip», og vil bidra inn i prosjektet med eigenandel i form av arbeidstimer for kommunen sine involverte tilsette, som fastsatt i prosjektsøknaden. Kommunen vil primært blir

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

involvert gjennom barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Træland, styrar i Marihøna barnehage, Camilla Smith-Strøm og anna personale i Marihøna barnehage.

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Marianne.Presthus.Heggen@hvl.no